



NOREGS HØGSTERETT

Den 7. mai 2007 sa Høgsterett dom i

HR-2007-00823-A, (sak nr. 2006/1380), sivil sak, anke,

Se og Hør Forlaget AS
Odd J. Nelvik
Håvard Mælnes
Jan-Petter Dahl

(advokat Sigurd Holter Torp – til prøve)

mot

Anette Young
Rodney Omdal Karlsen

(advokat Kyrre Eggen)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld krav på økonomisk oppreisning etter tre reportasjar i Se og Hør som blir gjorde gjeldande å innebere rettsstridig krenking av privatlivet.
- (2) Anette Young, som er fødd i 1976, og Rodney Omdal Karlsen, som er fødd i 1974, deltok våren 2001 i realityprogrammet Big Brother på TV-Norge. Etter det opplyste var dette første gongen det vart sendt program av denne typen i Noreg. Programkonseptet innebar at 10 deltakarar som ikkje kjende kvarandre frå før, skulle bu saman, isolerte i eit hus, i hundre dagar, under konstant overvaking av fjernsyns- og internettkamera. Det var dagleg timelange sendingar. I tillegg var det mogeleg å følgje med heile døgnet gjennom ei betalingsteneste på Internett. Deltakarane vart etter kvart røysta ut av sjåarane, og premien på ein million kroner gjekk til den som var igjen til sist.
- (3) Programmet vekte stor interesse. Ikkje minst gjaldt det i høve til deltakarane Young og Karlsen. Desse vart kjærestar i løpet av programmet. Eitt av innslaga som vart viste for publikum, synta at dei to hadde samleie under ei dyne. Innslaget varte i 17 sekund.

- (4) Se og Hør er eit blad som blir gitt ut av Se og Hør Forlaget AS. Bladet inneheld dels reportasjar med såkalla kjendisstoff. Derneft har det omfattande program for fjernsyn og radio. Bladet arrangerte ein konkurranse under Big Brotherprogrammet, der premien var ei reise til Hellas. Premien vart vunnen av Karlsen.
- (5) Deltakarane i Big Brother forplikta seg til å vere tilgjengelege for produksjonsselskapet i den hundre dagar lange produksjonsperioden, utan omsyn til om dei vart røysta ut av konkurransen eller ikkje. Kontrakten innebar også mellom anna at deltakarane i to år etter dette hadde plikt til i "TV-sammenheng eksklusivt å arbeide for" produksjonsselskapet og då ikkje kunne starte konkurrerande verksemd. Etter kontrakten forplikta deltakaren seg til etter produksjonsperioden å stille seg til disposisjon for produksjonsselskapet "i spesielle tilfeller, for eksempel ved intervju, events etc."
- (6) Young og Karlsen vart etterkvart sambuarar. Hausten 2001 var dei programleiarar for ein fjernsynsserie kalla Far Out, som var ei blanding av konkurranse- og reiseprogram.
- (7) Deltakarane i Big Brother våren 2001 møttest til ei samling i Big Brotherhuset over ei veke våren 2002, saman med dei som skulle vere med på ein ny programserie våren 2002. Karlsen deltok denne veka. Young ønskte ikkje å gjere det, men var i staden ein av programleiarane ved sendingane. Ho var også ein av programleiarane for sendingane frå Big Brother våren 2002.
- (8) Young og Karlsen medverka til nokre reportasjar i Se og Hør. I åra denne saka gjeld, kom Se og Hør ut ein gong i veka, og nummeret på bladet og nummeret på veka er derfor tilnærma like. Den første av reportasjane stod i nr. 24/2001 og handla om at Young og Karlsen skulle bli sambuarar. Den andre, i nr. 29/2001, gjaldt ferieturen til Hellas som var gitt av Se og Hør. Reportasjen inneheld bilde frå ein dag med restaurantbesøk og frå ein dag med bading. Overskrifta for reportasjen var "Anette og Rodney fra Big Brother fikk endelig tid til hverandre: Het kjærlighet i Syden." Den tredje reportasjen som Young og Karlsen medverka til, stod i nr. 38/2001 og var frå eit treff for deltakarane i Big Brother på Dyna fyr. Reportasjen gjaldt festen, og der stod det mellom anna: "Festens to heteste par var selvsagt Ramsey og Anne Mona – og Anette og Rodney. De er fortsatt like forelsket etter at de fant lykken i Big Brother-huset. Og Anette og Rodney smilte bredt da Se og Hør avslørte at de to er Norges mest sexy par – kåret av leserne."
- (9) I Se og Hør nr. 48/2001 var det ein motereportasje der Young og Karlsen hadde stilt opp for Se og Hør til fotografering. Overskrifta var: "Anette og Rodney avviser ryktene om brudd. Vi er fortsatt like forelsket."
- (10) Se og Hør nr. 49/2001 inneheldt ein reportasje med overskrifta "Rodney fra Big Brother fikk nok av innpåsliten svenske. Sloss om Anette på nattklubb". Det går fram av reportasjen at ein svenske hadde egla seg inn på dei to på ein restaurant på Geilo, og at vedkomande ikkje ville forlate bordet – heller ikkje etter at Young hadde bede han om å gjere det. Karlsen nytta høvet til å kommentere Se og Hør si framstilling, medan Young ikkje ville gi nokon kommentar.
- (11) I Se og Hør nr. 6/2002 var det ein reportasje frå ei offentleg motevising der Young deltok og Karlsen var til stades, med bilde og omtale av begge. Fjernsynsprisutdelinga av den såkalla Gullruten, der Young fekk prisen for "folkets TV-favoritt", vart dekt ved reportasje i nr. 23/2002. Det er ikkje avklara i kva grad dette skjedde etter samtykke.

- (12) Våren og sommaren 2002 hadde Se og Hør fleire gonger retta førespurnader til Young og Karlsen om å få gjere ein "heime hos" reportasje. Dei to ønskte ikkje å sleppe media til heime hos seg, men gjekk med på at bladet i staden skulle få lage ein reportasje på ei hytte som mor til Karlsen eigde. Denne reportasjen stod i nr. 28/2002. Reporteren og fotografen frå Se og Hør hadde med seg blomsterdekorasjonar som dei ønskte Young skulle iføre seg, for å bli fotografert ute i skogen, utan synlege klede på bileta. Etter å ha sett bileta samtykka ho i bruk av eitt av dei, mot eit vederlag på 40 000 kroner samla for reportasje og bilde. Karlsen fekk ved dette høvet utbetalt 20 000 kroner for deltakinga.
- (13) For Høgsterett har Se og Hør Forlaget opplyst at Karlsen i 2001 og 2002 samla fekk 65 500 kroner i skattepliktige utbetalingar, og at Young tilsvarande fekk 68 500 kroner. I tillegg til hyttereportasjen knytte dette seg i alle fall til turen til Hellas og til den første reportasjen om at dei to skulle bli sambuarar. For Young gjaldt utbetalingane i alle fall denne første reportasjen og motereportasjen, i tillegg til hyttereportasjen. Det har ikkje late seg gjere å identifisere grunnlaget for alle utbetalingane, men det er på det reine at hyttereportasjen og motereportasjen var dei einaste det vart betalt for i 2002 og at betalingane elles gjaldt 2001.
- (14) Det er ikkje omtvista at andre presseorgan, mellom dei avisene Dagbladet og Verdens Gang, ved nokre høve hadde omtale av Young og Karlsen i tida frå sommaren 2001 til sommaren 2002. Dette var i hovudsak oppslag som gjaldt arrangement dei to var med på.
- (15) Etter sommaren 2002 er det ikkje dokumentasjon på at Young eller Karlsen var med på vekebladintervju. Det var likevel også no spreidde avisoppslag, mellom anna som følgje av at dei var med på premiefestar og liknande. Young var tidleg på sommaren 2003 med på utdelinga av Gullruten på linje med andre vinnarar frå året før, og ho delte då ut prisen til vinnaren i 2003.
- (16) Våren 2003 flytta Young og Karlsen til kvar sin by. Karlsen skulle fullføre utdanninga som ingeniør i Skien, medan det passa for Young å bli buande i Oslo. Dei møttest i helgar og oppfatta seg sjølve som eit par. Fram mot sommaren 2003 oppsto det rykte om at det var eit brot mellom dei. Se og Hør publiserte deretter den første av tre omstridde artiklar tysdag 17. juni 2003 i nr. 25/2003, medan dei to andre kom på trykk dei påfølgjande vekene i nr. 26/2003 og nr. 27/2003.
- (17) Reportasjen i nr. 25/2003, som var omtala på framsida av bladet, hadde overskrifta: "Big Brother Anette er blitt ungaraskvinne: Dramatisk brudd med Rodney." Vidare stod det: "Sjalousidrama på nattklubb." Reportasjen var illustrert med to badebilde frå Hellas-ferien, eit bilde framfor peisen frå hyttereportasjen og to bilde med tilknytning til Big Brother. Teksten inneheldt utsegner frå tidlegare frå dei to, omtale av rykte om brot og ein omtale av korleis forholdet mellom dei skal ha teke til å skrante. Endeleg var det omtale av episoden på Geilo vinteren 2002.
- (18) To dagar etter at denne første reportasjen hadde stått på trykk sende advokat Kyrre Eggen på vegner av Young og Karlsen ein telefaks til Se og Hør Forlaget. Han gjorde gjeldande at reportasjen openbert krenkte personvernet etter straffelova § 390. Det vart også presisert at påstanden om brot i forholdet mellom Young og Karlsen var usann. Advokat Eggen sette fram krav om oppreising på 350 000 kroner til kvar av klientane.

- (19) I Se og Hør nr. 26/2003 var det ein reportasje om parforholdet mellom Young og Karlsen og om kravet dei hadde fremja mot Se og Hør. Reportasjen hadde to sidestilte overskrifter over eit bilde av paret frå festen på Dyna fyr. I den eine heitte det: "Rodney: Ja – vi er sammen" og i den andre: "Anette: Nei – det er brudd." Det var også ei mindre overskrift med ein tekst om at dei kravde Se og Hør for 700 000 kroner. Teksten gjaldt i stor grad kravet framsett av advokat Eggen. Det var i tillegg ein del tekst som gjaldt forholdet mellom dei to. Det var såleis uttala at "Til tross for at Anette Young bekreftet bruddet med eks-kjæresten Rodney Omdal Karlsen, krever BB-stjernene 700 000 i oppreisning fra Se og Hør", " Forrige mandag hadde Se og Hør en lengre samtale med Anette Young, der hun ga sin godkjennelse til at vi trykket saken om bruddet" og "Hun godtok også et honorar for at vi trykket et flott badebilde av henne en gang til".
- (20) Den tredje av dei omtvista reportasjane stod i Se og Hør nr. 27/2003, og gjaldt ei jente frå Skien. Se og Hør betalte henne 20 000 kroner for reportasjen. Reportasjen som var omtala på framsida av bladet, var på ei side. I tillegg til bilde av jenta og ei venninne av henne, var det også eit lite bilde av Karlsen teke på Hellasturen. Overskrifta var: "Lise er BB-stjernens hemmelige flørt: Rodney sa han var singel." I ingressen stod det: "Lise (21) fra Skien hadde flere hete stevnemøter med Rodney Omdal Karlsen i april og mai. – Vi ble raskt mer enn gode venner, sier hun til Se og Hør." I teksten vart det sagt at ho, som var singel, møtte "Big Brother-stjernen på et utested i Porsgrunn. I de to påfølgende månedene hadde de to flere hete stevnemøter". Vidare vart det sagt at ho kom på besøk til han og overnatta hos mor hans som Rodney då budde hos. Det stod også i teksten at Karlsen først hadde sagt til journalisten frå Se og Hør, som ville ha ein kommentar, at han ikkje visste kven ho var, men at han deretter hadde ringt opp igjen og sagt at han kanskje hadde peiling på dette, men at ho ikkje hadde vorte med han heim.
- (21) Anette Young og Rodney Omdal Karlsen reiste deretter sak med krav om oppreisning. Søksmålet vart retta mot Se og Hør Forlaget AS som utgivar av Se og Hør, mot Odd J. Nelvik som ansvarleg redaktør for bladet, mot journalist Jan-Petter Dahl, som hadde skrive dei to første og vore fotograf ved den tredje av reportasjane, og mot journalist Håvard Mælnes, som hadde skrive den tredje reportasjen.
- (22) Oslo tingrett sa 26. november 2004 dom med slik domsslutning:
1. **Se og Hør forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen med kr. 200.000,- – kronertohundretusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
 2. **Se og Hør forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Anette Young med kr. 125.000,- – kronerethundreogtjuefemtusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
 3. **Ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen med kr. 50.000,- – kronerfemtitten00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
 4. **Ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Anette Young med kr. 30.000,- – kronertrettitusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
 5. **Jan-Petter Dahl dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen med kr. 10.000,- – kronertitusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**

6. **Jan-Petter Dahl dømmes til å betale oppreisning til Anette Young med kr. 10.000,- – kronertitusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
7. **Håvard Mælnes dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen med kr. 20.000,- – kronertyvetusen00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
8. **Se og Hør forlaget AS, ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes pålegges in solidum å betale sakens omkostninger til Rodney Omdal Karlsen og Anette Young med kr. 299.540,- – kronertohundreogtittitusenfemhundreogforti00/100 – med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.**
9. **Kravene forfaller til betaling 14 – fjorten – dager fra forkynnelsen av denne dom.”**

(23) Dei saksøkte anka alle dommen til Borgarting lagmannsrett med påstand om frifinning. Young og Karlsen motanka når det gjaldt storleiken på beløpa. Lagmannsretten sa 4. mai 2006 dom med slik domsslutning:

- ”1. **Se og Hør Forlaget AS betaler i oppreisning til Rodney Omdal Karlsen 100.000 – etthundretusen00/100 – kroner med tillegg av lovens forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsesfristen for tingrettens dom og til betaling skjer.**
2. **Se og Hør Forlaget AS betaler i oppreisning til Anette Young 75.000 – syttifemtusen00/100 – kroner med tillegg av lovens forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsesfristen for tingrettens dom og til betaling skjer.**
3. **Odd J. Nelvik betaler i oppreisning til Rodney Omdal Karlsen 30.000 – tredvetusen00/100 – kroner med tillegg av lovens forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsesfristen for tingrettens dom og til betaling skjer.**
4. **Odd J. Nelvik betaler i oppreisning til Anette Young 20.000 – tjuetusen00/100 – kroner med tillegg av lovens forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsesfristen for tingrettens dom og til betaling skjer.**
5. **Oslo tingretts dom, slutningen punkt 5, 6, 7, 8 og 9 stadfestes.**
6. **I saksomkostninger for lagmannsretten betaler Se og Hør Forlag AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes in solidum til Rodney Omdal Karlsen og Anette Young 200 000 – tohundretusen – kroner, med tillegg av forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall og til betaling skjer. Oppfyllelsesfristen er to uker fra dommens forkynnelse.”**

(24) Det var dissens i lagmannsretten i det ein dommar røysta for å la utmålingane hos tingretten bli ståande.

(25) Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes har anka dommen til Høgsterett. Det er gjort gjeldande at det ikkje er grunnlag for oppreisning. Anette Young og Rodney Karlsen har gjort gjeldande at anken ikkje kan føre fram og har i aksessorisk motanke kravd oppreisingsbeløpa sett høgare enn det lagmannsretten gjorde. Saka står i same stilling for Høgsterett som for dei tidlegare rettane.

- (26) Ankepartane, *Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes*, har særleg halde fram:
- (27) Dei tidlegare rettane sin omtale av faktum kan i hovudsak leggjast til grunn. Lagmannsretten har likevel teke feil når det gjeld Young og Karlsen si tidlegare frivillige medieeksponering, både under sendingane av Big Brother og etterpå. Dette påverkar rettsbruken. Omfanget er særleg viktig for rettsstridsvurderinga. Det bør ikkje rettast sanksjonar mot ytringar som er av same art som det vedkomande sjølv har oppvarta ålmenta med. Programkonseptet Big Brother var i så måte grensesprengjande i seg sjølv. Og i særleg grad var Young og Karlsen det ved å vere dei første som hadde reelt samleie på fjernsyn, sjølv om det skjedde under ei dyne. Også etter programma hadde dei to omfattande eksponering, mellom anna gjennom *Se og Hør*.
- (28) Gjennom programmet blottstilte dei to privatlivet sitt, også når det gjaldt svært intime forhold. Dette heldt fram etterpå, der dei såleis drog nytte av den merksemda dei hadde skaffa seg. Også i denne fasen opna dei for kommersialisering av private forhold, mellom anna ved å gi opplysningar om etablering av sambuarskap og ved å ta *Se og Hør* med på badeferie.
- (29) Det er usemje med omsyn til faktum på to punkt. For det første er det usemje om det reint faktisk hadde skjedd eit brot på det tidspunktet *Se og Hør* skreiv om det. Det blir gjort gjeldande at Young overfor journalisten stadfesta brotet i eit møte kvelden før den første artikkelen, og at ho også gav samtykke til publisering av denne. For det andre er det usemje om sanningsinnhaldet i reportasjen om jenta frå Skien. Bladet hadde dekning for det som vart skrivne. Det avgjerande må likevel vere om det vart utvist aktsemd når det gjaldt innhaldet, noko som tvillaust var tilfelle.
- (30) Lagmannsrettens tolking av reportasjane er ikkje haldbar. Reportasjane må tolkast i sin samanheng. Det totalinntrykket som er formidla, er at forholdet mellom Young og Karlsen hadde kome til veggjende, at det hadde vore problem undervegs og at ei kvinne påstod at ho hadde hatt eit forhold til Karlsen. Det siste var i same reportasjen kategorisk tilbakevist av Karlsen.
- (31) Verken totalinntrykket eller enkelttoppslaga innebar noka krenking av privatlivets fred. Som nemnt hadde dei to vist utagerande åtferd og hadde sjølv søkt publisitet. Når ein oppsøker og har glede av rampelyset, kan ein ikkje forvente einseitig å kunne slå dette av når ein sjølv vil.
- (32) Straffelova § 390 omfattar ikkje ei kvar ytring om personlege eller huslege tilhøve. Ytringa må vere krenkjande, og ho må dessutan vere rettsstridig.
- (33) Sentralt ved vurderinga er arten av skuldingane, og i kva grad dei gjeld sensitive opplysningar. Påståtte brot i eit offentleg kjent parforhold er generelt sett lite sensitivt. Den einaste opplysninga som kan seiast å vere av privat karakter, er påstanden frå jenta frå Skien i den tredje reportasjen. Der fekk Karlsen høve til tilsvar i same reportasjen. Aktsam vidareformidling i ein slik situasjon kan ikkje føre til ansvar. Heller ikkje forma ved publiseringa tilseier noko ansvar.

- (34) Opplysningane hadde klar allmenn interesse, i lys av førehistoria. Det vil føre til eit inngrep i høve til etablert praksis for norske og europeiske media om ikkje slike reportasjar skal kunne trykkjast. Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har i alle sakene om ytringsfridom for media vist til "ethics of journalism". Vurderingstemaet er om pressa i den enkelte saka har utvist godt journalistisk handverk og handla etisk og journalistfagleg haldbart. Rammene for det presseetiske bør vere snevrare enn dei rettslege grensene for ytringsfridommen. Det er då uhaldbart når det ikkje er lagt vekt på at Pressens Faglige Utvalg samrøystes kom til at Se og Hør ikkje hadde handla i strid med krava til god presseskikk.
- (35) Straffelova § 390 må vurderast ut frå Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Spørsmålet er om omsynet til privatlivet, jf. artikkel 8, krev at omsynet til ytringsfridommen, jf. artikkel 10, må vike. Lagmannsretten har lagt stor vekt på dommen av 24. juni 2004 frå EMD i saka Caroline von Hannover mot Tyskland, der klagaren var prinsesse Caroline. Dei faktiske tilhøva i den saka skil seg frå vår sak på tre punkt. For det første hadde prinsesse Caroline vore forfølgd av media gjennom meir enn 10 år, og det var i hovudsak tale om paparazzi-bilde og ikkje om opplysningar. For det andre hadde prinsesse Caroline ikkje søkt publisitet for sine private tilhøve. For det tredje var det tale om bilde og reportasjar frå hennar generelle daglegliv. EMDs konklusjon viser at det var tre sentrale moment som var utslagsgivande. Saka gjaldt ikkje ein debatt av allmenn interesse og det var heller ingen rettkomen allmenn interesse ("legitimate public interest") som tilsa publisering. På den andre sida var det ei rettkomen forventning ("legitimate expectation") for vern av det private. Vilkåret om rettkomen allmenn interesse inneber eit lågare nivå for den allmenne interessa; opplysningane kan ha ei verneverdig rettkomen allmenn interesse sjølv om opplysningane ikkje er ledd i nokon offentleg debatt. Og dersom den omtala ikkje har ei rettkomen forventning for vern, er ytringa rettmessig utan omsyn til dei to andre vilkåra.
- (36) Rettsstridsvurderinga må etter dette skje ut frå eit breitt skjønns der allmenn interesse er eitt av fleire moment. I dette tilfellet var ytringane ikkje krenkjande og ikkje rettsstridige, og dei skal då ikkje gi grunnlag for oppreising.
- (37) Sjølv om det skulle vere grunnlag for oppreising, jf. skadebotlova § 3-6, er det her ikkje grunn til å påleggje dette. Slikt ansvar er fakultativt, og det må visast varsemd med det i og med at det er tale om inngrep i ytringsfridommen etter EMK artikkel 10. Det er heller ingen automatikk i at eigar eller utgivar skal påleggjast ytterligare oppreising etter skadebotlova § 3-6 andre ledd, og det bør ikkje gjerast.
- (38) Ikkje under noko omstende vil eit høgt oppreisingsbeløp vere samhøveleg med skaden. Summen skal vere eit plaster på såret for den krenkte, men er elles avhengig av kva som er rimeleg. Det er praksis for nøkterne beløp i ærekrenkingssaker, og dei bør hellar vere lågare enn høgare i saker om krenking av privatlivets fred. Ut frå desse vurderingane bør det ikkje tilkjennast oppreising, med eit mogeleg unnatak for eit mindre beløp til Karlsen i høve den tredje reportasjen.
- (39) Kravet frå Young og Karlsen om fastsetjing ut frå fortjeneste eller vinning for Se og Hør er uheimla og i strid med ordlyden i skadebotlova § 3-6. Det vil vere i strid med utmålingsnivået for grove valdsbrottsverk, og med det også kravet om proporsjonalitet.

- (40) Det er sett fram eit subsidiært krav om at biletbodyken, med gjenbruk av bilde, inneber ei sjølvstendig krenking etter åndsverkslova § 45c, som gir eit minimumskrav på nettofortenesta etter § 55. Argumenta mot ansvar her er i hovudsak dei same som i høve til vern av privatlivet etter straffelova § 390. Young og Karlsen hadde dessutan gitt samtykke til at bilde kunne gjenbrukast, noko som også var vanleg praksis i Se og Hør. Bileta var ikkje krenkjande, og ei eventuell nettoforteneste eller vinning må ut frå dette utmålalt skjønsmessig og setjast lågt.
- (41) Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes har sett fram slik påstand:
- ”1. De ankende parter frifinnes.
2. Anette Young og Rodney Omdal Karlsen dømmes en for begge og begge for en til å betale de ankende parter sakens omkostninger for tingrett, lagmannsrett og Høyesterett med tillegg av den alminnelige forsinkelsesrente fastsatt i medhold av forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd fra to uker etter dommens forkynning til betaling skjer.”
- (42) Ankemotpartane, *Anette Young og Rodney Omdal Karlsen*, har særleg halde fram:
- (43) Det er tre grunnlag for at det ligg føre krenking av privatlivet. For det første er straffelova § 390 krenkt. For det andre ligg det føre ei krenking etter EMK artikkel 8, jf. menneskerettslova § 3. Staten har ein positiv skyldnad til å sikre vern av privatlivet etter artikkel 8. Som statsorgan har norske domstolar plikt til å nytte straffelova § 390 og skadebotlova § 3-6 slik at staten oppfyller skyldnadene sine etter EMK artikkel 8. For det tredje er det eit alternativt rettsgrunnlag at biletbodyken er i strid med åndsverkslova § 45c.
- (44) Young og Karlsen kan slutte seg til det faktum som er lagt til grunn av tingretten og lagmannsretten. Det er likevel grunn til å minne om at dei to i tilknytning til Big Brotherprogramma fekk det rådet at dei i ettertid burde stille opp i nokre reportasjar for å lette medietrykket, men at dei burde halde seg til eitt medieorgan. Dette rådet følgde dei, og dei valde Se og Hør. Dei kontakta likevel aldri media sjølve, men stilte til ein viss grad opp når dei vart bedne om det. Då det hadde gått eitt år etter Big Brother, valde dei ikkje å stille opp meir. Dei tre omtvista reportasjane kom då det hadde gått i overkant av to år etter programma.
- (45) Dei gav ikkje samtykke til nokon av dei tre omtvista reportasjane i nr. 25, 26 og 27/2003. Dette går klart fram av at dei kontakta advokat to dagar etter det første oppslaget. Se og Hør har her bevisbyrda, og det må i denne situasjonen også kome inn at bladet hadde all grunn til å syte for bevissikring av eventuelle samtykke. Det finst heller ikkje faktiske haldepunkt som talar for at opplysninga om dramatisk brot er sann.
- (46) I reportasjen i nr. 26 nytta Se og Hør telefaksen om krav om skadebot som eit påskot til å krenkje privatlivet ein gong til, i tillegg til å latterleggjere Young og Karlsen.
- (47) Historia i nr. 27/2003 er usann. Det var her ein ukritisk einkjeldejournalistikk, der kjelda til og med fekk 20 000 kroner i betaling.

- (48) Reportasjane blir ramma av straffelova § 390. Det ligg føre ei krenking av privatlivets fred. Reportasjane gjeld personlege forhold, dei har ein viss sensitivitet og det ligg ikkje føre samtykke. Ytringsfridommen krev i dette tilfellet ikkje innskrenkande tolking.
- (49) Praksis frå EMD inneber at politiske ytringar kan framsetjast og inneber også at personvernet etter EMK artikkel 8 må vike for personar som er deltakarar i samfunnsdebatten. Young og Karlsen var ikkje slike deltakarar, men ordinære privatpersonar. I alle fall måtte det gjelde ei tid etter at Big Brotherprogrammet var avslutta og dei hadde trekt seg attende frå rampelyset. Dei tre reportasjane vart publiserte nær eitt år etter at dei hadde gitt det siste avtala intervjuet.
- (50) Oppslaga i dei tre nummera av Se og Hør var rettsstridige krenkingar av privatlivets fred, og det er då grunnlag for oppreisning i skadebotlova § 3-6.
- (51) Også åndsverklova § 45c, jf. § 55, gir alternativt krav på oppreisning.
- (52) Oppreisninga bør setjast slik at Se og Hør ikkje tener på oppslaga. Av denne grunn bør oppreisninga minst setjast til den vinninga forlaget har hatt på oppslaga. Den kan finnast ved å dele overskotet for det aktuelle året på sidene med tekst, og med eit tillegg for artiklar som har oppslag på framsida. I alle tilfelle må oppreisingsbeløpa aukast monaleg.
- (53) Anette Young og Rodney Omdal Karlsen har sett fram slik påstand:

- ”1. **Se og Hør forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen utmålt etter rettens skjønn oppad beregnet til kroner 400.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
2. **Se og Hør forlaget AS dømmes til å betale oppreisning til Anette Young utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 400.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
3. **Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 75.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
4. **Odd J. Nelvik dømmes til å betale oppreisning til Anette Young utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 75.000,- med tillegg av forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
5. **Jan-Petter Dahl dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 25.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
6. **Jan-Petter Dahl dømmes til å betale oppreisning til Anette Young utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 25.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
7. **Håvard Mælnæs dømmes til å betale oppreisning til Rodney Omdal Karlsen utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 25.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
8. **Håvard Mælnæs dømmes til å betale oppreisning til Anette Young utmålt etter rettens skjønn oppad begrenset til kroner 25.000,- med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer.**
9. **Tingrettens dom punkt 8 stadfestes.**

10. **Se og Hør forlaget AS, Ansvarlig redaktør Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnæs pålegges in solidum å betale sakens omkostninger for lagmannsrett og Høyesterett med tillegg av lovens rente fra forfall og til betaling skjer.”**

(54) *Eg er komen til at anken ikkje kan føre fram, men at motanken delvis må gjere det.*

(55) Skadebotlova § 3-6 første ledd og andre ledd første til tredje punktum har følgjande ordlyd:

”Den som har krenket en annens ære eller privatlivets fred, skal, såfremt han har vist uaktksomhet eller vilkårene for straff er til stede, yte erstatning for den lidte skade og slik erstatning for tap i fremtidig erverv som retten under hensyn til den utviste skyld og forholdene ellers finner rimelig. Han kan også pålegges å betale slik erstatning (oppreisning) for skade av ikke økonomisk art som retten finner rimelig.

Er krenkingen forøvd i trykt skrift, og noen som har handlet i eierens eller utgiverens tjeneste er ansvarlig etter første ledd, hefter også eier og utgiver for erstatningen. Det samme gjelder oppreisning pålagt etter første ledd, med mindre retten av særlige grunner finner å burde fritta dem. Eier eller utgiver kan også pålegges slik ytterligere oppreisning som retten i forhold til dem finner rimelig.”

(56) Føresegna må sjåast i samanheng med straffelova § 390 første ledd som har slik ordlyd:

”Med bøter eller fengsel inntil 3 måneder straffes den som krenker privatlivets fred ved å gi offentlig meddelelse om personlige eller huslige forhold.”

(57) Når straffebodet rettar seg mot å *krenkje* privatlivets fred, ligg det også i dette at det må vere tale om rettsstrid. Kravet til rettsstrid inneber at det må skje ei totalvurdering av formidlinga i lys av kontekst og situasjon, der omsynet til personvernet samtidig blir avvege mot yringsfridommen, jf. Bratholm og Matningsdal, Straffeloven med kommentarer, tredje del, 1998, side 222, med vidare tilvisingar.

(58) Gjennom menneskerettslova er EMK gjort til intern norsk rett. I saka no er både artikkel 8 om respekt for privatlivet og artikkel 10 om yringsfridommen sentrale. Det er her tale om tilsvarande avvegingar som dei som må gjerast etter skadebotlova § 3-6 første ledd og straffelova § 390, og det må i denne situasjonen vere rett å tolke desse føresegnene slik at innhaldet blir i samsvar med EMK artiklane 8 og 10.

(59) Det må først vurderast om det er tale om opplysningar som gjeld privatlivets fred, med andre ord om det er tale om personlege opplysningar som objektivt sett har ein viss grad av sensitivitet.

(60) Artikkelen i Se og Hør nr. 25 gjaldt hovudsakleg at Young og Karlsen hadde gått frå kvarandre som par, og at det var eit dramatisk brot. I nr. 26 framkom det i tillegg til dette at dei to hadde ulikt syn på om det var eit brot. Den tredje reportasjen i nr. 27 gjekk på at Karlsen hadde hatt ”hete stevnemøter” med ei jente frå Skien same våren.

(61) Som dei tidlegare rettane legg eg til grunn at det ikkje er tvilsamt at kravet om personlege forhold er oppfylt, jf. straffelova § 390. Opplysningar om relasjonar mellom personar, så som ekteskaplege forhold eller samlivsforhold elles, vil som utgangspunkt vere opplysningar om personlege forhold. Opplysningar om ei mogeleg avslutning på eit slikt

forhold må klart vere av personleg art. At omtale av mogelege ”hete stevnemøter” er det, treng ikkje utdjupast.

- (62) Spørsmålet er då om det ligg føre ei krenking. Er det gitt samtykke til publiseringa, inneber det at det ikkje er tale om ei krenking. Som det har gått fram av det eg har sagt innleiingsvis, skjedde publiseringa av dei første artiklane i 2001 og 2002 etter avtale mellom partane.
- (63) Det er semje om at Karlsen ikkje gav samtykke til publisering av nokon av dei omtvista artiklane. Se og Hør har derimot gjort gjeldande at Young gav samtykke til publisering av den første artikkelen. Journalist Dahl, som førte artikkelen i pennen, tok kontakt med Young dagen før artikkelen skulle trykkjast for å få til eit møte om kvelden. Dahl, som også hadde hatt kontakt med Young i annan yrkessamheng, fortalde ikkje på førehand kva møtet gjaldt, og heller ikkje at han hadde skrive ein artikkel som etter planen skulle trykkjast same kveld. På det tidspunktet møtet fann stad var det etter det opplyste likevel teknisk mogeleg å byte ut artikkelen. For meg er det ikkje nødvendig å ta nærare standpunkt til kva som skjedde under møtet. Se og Hør har ikkje i noko tilfelle oppfylt si bevisbyrde med omsyn til at det her vart gitt eit samtykke til publisering. Ved vurderinga av dette har eg – som dei tidlegare rettane – lagt vekt på at bladet hadde grunn til å sikre bevisa for samtykke.
- (64) Det neste spørsmålet er om artiklane er rettsstridige. Artiklane skal vurderast separat, og dette skal skje ut frå ei heilskapsvurdering av den einskilde artikkelen, jf. som døme Rt. 2003 side 1190 avsnitt 54 og Rt. 2005 side 1677 avsnitt 56 for det tilgrensande spørsmålet om oppreising etter ærekrenking.
- (65) Eg skal ut frå dette kommentere artiklane, som eg tidlegare har gjort detaljert greie for innhaldet i. No skal eg særleg sjå på tolkinga av artiklane og også gå inn på ei nærare vurdering av innhaldet i dei.
- (66) I Se og Hør nr. 25/2003 stod det på framsida av bladet: ”Anette singel igjen. Dramatisk brudd med Rodney.” Inne i bladet var det så ein tosiders reportasje, med overskriftene: ”Dramatisk brudd med Rodney” og ”Sjalusidrama på nattklubb.” Det sentrale innhaldet var såleis at det hadde skjedd eit brot i forholdet mellom dei to, og at dette hadde skjedd på ein dramatisk måte. Artikkelen gir også – som lagmannsretten skriv – eit lite flatterande bilde av Young og Karlsen. Eg legg til at det ikkje er klarlagt at det på dette tidspunktet hadde skjedd noko brot mellom Young og Karlsen. Dei to har forklart at dei på dette tidspunktet framleis var eit par, og vitne har forklart at dei stod fram slik også utetter. Det såkalla sjalusidramaet på nattklubben fann stad eitt og eit halvt år tidlegare, og gjaldt at Karlsen hadde reagert på at ein alkoholpåverka person hadde nekta å fjerne seg frå bordet, trass i at også Young hadde bede vedkomande om å gjere det. I reportasjen heitte det vidare: ”Ryktene gikk på at Rodney hadde hatt et forhold til en av de andre deltagerne i huset!” Dette gjaldt samlinga i ettertid på ei veke for deltakarane i Big Brother i 2001. Alt frå dette opphaldet vart sendt i fjernsyn eller på Internett. Se og Hør har ikkje gjort forsøk på å ettervise grunnlag for denne delen av reportasjen.
- (67) Den andre reportasjen i nr. 26/2003 hadde overskriftene: ”Anette og Rodney krever Se og Hør for 700 000 kroner” og ”Rodney: Ja – vi er sammen. Anette: Nei – det er brudd.” Her er det sentrale innhaldet at dei to motseier einannan, men at dei likevel vil ha 700 000 kroner i skadebot. At dei er usamde om dei er saman eller ikkje, etterlet dei også i eit

uheldig lys. Særleg gjeld det Anette, som her kan synest å krevje 350 000 kroner – halvparten av det samla kravet på 700 000 kroner – på sviktande grunnlag. Artikkelen etterlet det inntrykket at Se og Hør hadde snakka med dei to etter førre oppslaget, og at dei no gav uttrykk for ulike oppfatningar. Faktum var at Young og Karlsen på dette tidspunktet gjennom sin advokat hadde gitt skriftleg beskjed til Se og Hør om at opplysningane om brot var usanne.

- (68) Den tredje reportasjen i nr. 27/2003 gjaldt eit forhold som Karlsen skal ha hatt til eit jente i Skien. Det var snakk om ”flere hete stevnemøter”. Lagmannsretten tok ikkje standpunkt til sanningsinnhaldet i historia. Som eg skal kome attende til, innebar denne reportasjen eit så klart og markert brot på vernet av privatlivets fred, at eg er einig i at dette ikkje kan vere relevant. For min del vil eg likevel leggje til at det her var tale om ein reportasje som bygde på ei kjelde, nemleg ei jente som fekk 20 000 kroner for historia og som openbert var interessert i å få den på trykk.
- (69) Så langt omtalen av artiklane i høve til rettsstridsvurderinga. Før eg tek standpunkt til rettsstridsspørsmålet, vil eg seie litt om reglane. Som eg alt har nemnt, meiner eg at rettsstridskravet etter straffelova § 390 må forståast slik at det samsvarar med krava i EMK artikkel 8 om rett til privatliv og artikkel 10 om ytringsfridom. Den sentrale dommen som kastar lys over desse to artiklane i ein samanheng som den saka no gjeld, er EMDs dom av 24. juni 2004 i von Hannoversaka. Eg skal starte med å seie litt om korleis eg oppfattar denne dommen, som gjaldt publisering av foto av prinsesse Caroline, dotter til statsoverhovudet i Monaco.
- (70) Von Hannoverdommen gjeld i utgangspunktet EMK artikkel 8. EMD omtalar i dommen dei allmenne prinsippa som styrer vernet av privatlivet og ytringsfridommen. Domstolen viser i premiss 57 til dei positive skyldnadene – ”positive obligations” – statane har til å sikre vern av privatlivet, og som følgjer av kravet om effektivt vern av privatliv og familieliv. Dette vernet vil kunne gjelde tiltak for å sikre vern av privatlivet også når det gjeld forholdet mellom individ. Som det blir uttala i premiss 50 ”the guarantee afforded by Article 8 of the Convention is primarily intended to ensure the development, without outside interference, of the personality of each individual in his relations with other human beings ...”. I premiss 59 uttalar retten at den aktuelle ”case does not concern the dissemination of ”ideas”, but of images containing very personal or even intimate ”information” about an individual”. Deretter viser retten i premiss 60 til at retten må balansere vernet av privatlivet opp mot ytringsfridommen, og at retten ”has always stressed the contribution made by photos or articles in the press to a debate of general interest ...”. Retten uttalar vidare i premiss 63 at det er ”a fundamental distinction” mellom å omtale fakta tilknytt ein politikar som del av ein diskusjon i eit demokratisk samfunn og å omtale detaljar av privatlivet til nokon som ”does not exercise official functions”. I premissane 64 til 66 heiter det så:

”64. Similarly, although the public has a right to be informed, which is an essential right in a democratic society that, in certain special circumstances, can even extend to aspects of the private life of public figures, particularly where politicians are concerned (...), this is not the case here. The situation here does not come within the sphere of any political or public debate because the published photos and accompanying commentaries relate exclusively to details of the applicant’s private life.

65. As in other similar cases it has examined, the Court considers that the publication of the photos and articles in question, of which the sole purpose was to satisfy the curiosity of a particular readership regarding the details of the applicant’s private life, cannot be

deemed to contribute to any debate of general interest to society despite the applicant being known to the public

66. In these conditions freedom of expression calls for a narrower interpretation”

(71) EMDs oppsummering i premissane 76–78 er følgjande:

”76. As the Court has stated above, it considers that the decisive factor in balancing the protection of private life against freedom of expression should lie in the contribution that the published photos and articles make to a debate of general interest. It is clear in the instant case that they made no such contribution since the applicant exercises no official function and the photos and articles related exclusively to details of her private life.

77. Furthermore, the Court considers that the public does not have a legitimate interest in knowing where the applicant is and how she behaves generally in her private life even if she appears in places that cannot always be described as secluded and despite the fact that she is well known to the public.

Even if such a public interest exists, as does a commercial interest of the magazines in publishing these photos and these articles, in the instant case those interests must, in the Court’s view, yield to the applicant’s right to the effective protection of her private life.

78. Lastly, in the Court’s opinion the criteria established by the domestic courts were not sufficient to ensure the effective protection of the applicant’s private life and she should, in the circumstances of the case, have had a “legitimate expectation” of protection of her private life.”

- (72) Konklusjonen må sjølvstendig lesast i samanheng med det som elles er sagt i dommen. Temaet er heile tida balanseringa mellom vern av privatlivet og vern av yringsfridommen. Det heilt sentrale når det gjeld vern av privatlivet er då om oppslaget gir eit tilskot til ein debatt av allmenn interesse. Sagt på ein annan måte er det innanfor samfunnsdebatten at vernet etter EMK artikkel 10 har si særskilde slagkraft. Når det gjeld publisering om personlege forhold og då ikkje minst slikt som gjeld heilt private relasjonar mellom to personar som ikkje har posisjonar i politikk eller samfunnsliv, er ein klart utanfor det området som reglane om yringsfridom siktar på å regulere.
- (73) I dommen, sjå premiss 78, er det nytta uttrykket rettkomen forventning (”legitimate expectation”) for å avgrense kva pressa kan omtale av privatlivet. Eg oppfattar premiss 78 som særleg retta mot reglane i Tyskland, som ikkje gav von Hannover eit effektivt vern av privatlivet hennar. Uttrykket er nytta som ei nemning på individet sitt krav på vern av privatlivet sitt. Innhaldet av vernet og grensene for det, må så fastleggjast ut frå det som elles er uttala i dommen om avveging mellom omsynet til privatlivets fred og yringsfridommen, og der konklusjonen blir gitt i premiss 76. Det kan såleis ikkje vere – som ankepartane har gjort gjeldande – slik at uttrykket rettkomen forventning, jf. premiss 78, er eit sjølvstendig og i tilfelle avgjerande kriterium for vern av privatlivet uavhengig av det som elles er sagt i dommen.
- (74) Gjennomgangen av von Hannoverdommen viser at personvernet står sterkt i høve til yringsfridommen ved omtale av personar som ikkje har samfunnsfunksjonar. EMK artikkel 10 skal verne samfunnsdebatten og demokratiet, ikkje verne høvet til å leggje fram opplysningar om personlege forhold for privatpersonar, utan omsyn til om desse er kjende. Det er dessutan verd å merke seg premiss 67 i von Hannoverdommen, der EMD uttalar følgjande:

” 67. In that connection the Court also takes account of the resolution of the Parliamentary Assembly of the Council of Europe on the right to privacy, which stresses the “one-sided interpretation of the right to freedom of expression” by certain media which attempt to justify an infringement of the rights protected by Article 8 of the Convention by claiming that “their readers are entitled to know everything about public figures” (...).”

- (75) Som eg har vore inne på tidlegare, meiner eg at EMDs dom må lesast i samanheng. Det eg no nett har sitert er ei understreking av det som elles er sagt i dommen om at EMK artikkel 10 skal tene til vern av samfunnsdebatten og ikkje sikre rett til omtale av kjende personar utan relevans til ein slik debatt.
- (76) Eg viser også til EMDs dom 16. november 2004 i saka Karhuvaara med fleire mot Finland, som gjaldt artikkel 10. Saka gjaldt offentleggjing av ein dom mot ektefellen til ein politikar. I dommen viste EMD til at dette kunne påverke røystinga til veljarane, og at det derfor i alle fall til ein viss grad hadde samfunnsinteresse, jf. premiss 45. EMD gjorde i dommen ei avveging i høve til privatlivet og viste i den samanhengen til dei grensene som var trekte opp i von Hannoverdommen, sjå særleg tilvisinga til premiss 64, som eg har sitert tidlegare.
- (77) Eg går så over til å sjå nærare på omstenda i saka vår. Det er nødvendig å presisere at Young og Karlsen vel var kjende personar på det aktuelle tidspunktet, men at dei ikkje stod for samfunnsfunksjonar, verken i det offentlege styringsverket eller i samfunnslivet elles.
- (78) Frå Se og Hør er det halde fram at Young og Karlsen sjølv valde rampelyset, også om sine personlege tilhøve, og at dei då må ta konsekvensane av det også i ettertid. Eg ser at det godt kan vere at dei som ein konsekvens av dette måtte finne seg i nærgåande omtale under Big Brothersendingane og også ei tid etter dette. Men eg kan ikkje sjå at det same må gjelde to år etter at sendingane var slutt og om lag eitt år etter at dei hadde slutta å gi intervju.
- (79) Sjølv om det nok kan vere slik at den som har ”stilt seg til skue i det offentlige liv”, jf. Rt. 1994 side 506 på side 517, må finne seg i meir enn dei som ikkje har gjort det, kan eit slikt synspunkt ikkje ha innverknad på vurderinga i høve til Young og Karlsen. Det er ikkje dokumentert i saka at Young og Karlsen har vore sentrale i pressa. Dei sentrale oppslaga kom i Se og Hør, i hovudsak etter avtale i den første tida etter Big Brotherprogramma. Ein slik avtale kan ikkje – utan klare haldepunkt – oppfattast som klarsignal til seinare publisering som oppfølging av dei avtala reportasjane. Andre media hadde meir nøytrale oppslag, og det var også i stor grad tale om omtale av hendingar som Young og Karlsen var med på. Om dette viser eg til den temmeleg utførlege omtalen av presseoppslag som eg har gitt tidlegare.
- (80) Det må også kome inn kva slags informasjon det er tale om. Ei nøytral melding om at eit ekteskap eller sambuarskap er avslutta, når dette er heilt på det reine, ville nok i eit tilfelle som det aktuelle kunne forsvarast. Det er derimot ikkje akseptabelt at ein publikasjon går ut med ein reportasje om at eit forhold er avslutta, der det ikkje er på det reine eller der det er ein usikker fase mellom partane. I ein slik situasjon treng privatlivet vern, også når det gjeld formidling av sanne opplysningar. Kjerneområdet for vernet etter straffelova § 390 gjeld nettopp formidling av sanne opplysningar om personlege tilhøve. Men

privatlivets fred treng sjølvsagt også vern mot usanne opplysningar. Og reportasjen om eit forhold til ei jente i Skien hadde klart ingen aktverdig grunn og var urettmessig, og det utan omsyn til om opplysningane var sanne eller ikkje.

- (81) Det sentrale for vernet er om det ligg føre ei krenking av privatlivs fred, og ikkje om opplysningane er sanne eller ikkje. Lagmannsretten har karakterisert dei to første reportasjane som sladder, og det er eg einig i. Se og Hør har nytta anonyme kjelder, og det let seg då ikkje i noko tilfelle vurdere om dei har handla aktsamt eller ikkje. Etter mitt syn har det som regel også mindre interesse for spørsmålet om reportasjar krenkjer privatlivets fred om innhaldet skulle vere sant. Dette må i høgaste grad gjelde for den tredje reportasjen, som Se og Hør ikkje i noko tilfelle kunne ha aktverdig grunn til å trykkje.
- (82) Det er nok slik at det vil vere eit spørsmål om ei nedre grense for sensitivitet for at det skal ligge føre ei krenking, og eg ser såleis ikkje bort frå at terskelen for kva som er sensitivt vil vere noko heva for personar som har vore med på program av typen Big Brother, jf. særleg det eg har sagt om omtale i den første tida etter programma var sende. I så måte må det ha vekt at programmet innebar ei sterk fokusering av privatlivet. Men med det innhaldet og på det tidspunktet dette vart trykt i Se og Hør, var det ei klar krenking av privatlivets fred å skrive om eit mogeleg samlivsbrot.
- (83) Det kan stillast spørsmål om den tredje artikkelen var rettsstridig i høve til Young. Eg sluttar meg her til lagmannsrettens vurdering om at dette også var ei krenking i forhold til den andre parten i parforholdet, med den belastninga og offentlege krenkinga det innebar for henne.
- (84) Se og Hør har gjort gjeldande at det må leggjast vekt på uttalen frå Pressens Faglige Utvalg (PFU-sak nr. 083/03). Etter mitt syn er det uklart kva faktum utvalet har lagt til grunn, men det ser ut som om det har bygd på framstillinga frå Se og Hør. Eg har, slik tingretten og lagmannsretten gjorde, vurdert faktum annleis. I tillegg kjem at den siste reportasjen om påstått utruskap ikkje er drøfta av utvalet. Det er vanskeleg å sjå at det i denne situasjonen kan leggjast vekt på synet til Pressens Faglige Utvalg.
- (85) Min konklusjon så langt er såleis at dei tre omtvista artiklane ikkje gav noko tilskot til den offentlege debatten. Ei rettsstridsavveging i denne saka må då falle ut til fordel for personvernet.
- (86) Eg går ikkje inn på reglane i åndsverkslova § 45c, i det eg har forstått Young og Karlsen slik at dette berre er gjort gjeldande som alternativt grunnlag til reglane om privatlivets fred dersom kravet ikkje skulle føre fram på det sistnemnde grunnlaget. Det er ut frå dette ikkje aktuelt å vurdere spørsmål om ansvar på grunnlag av åndsverkslova § 55 andre ledd, jf. § 45c.
- (87) Vilkåra for skadebot etter skadebotlova § 3-6 er etter dette til stades. Det må leggjast til grunn at handlingane er gjorde forsettleg, med ein reservasjon. Dahl handla i det minste aktlaust då han let den første artikkelen publisere utan å sikre seg dokumentasjon på eit eventuelt samtykke frå Young. Dei subjektive vilkåra for skadebot frå journalistane Dahl, som skreiv den første og den andre artikkelen, og Mølne, som skreiv den tredje artikkelen, er etter dette oppfylte.

- (88) For den ansvarlege redaktøren og for bladet er det ikkje krav om skuld, jf. skadebotlova § 3-6 første og andre ledd. Etter skadebotlova § 3-6 andre ledd tredje punktum kan eigar og utgivar då påleggast å betale slik ytterlegare oppreising samanlikna med utgangspunktet i § 3-6 første ledd, som retten finn rimeleg.
- (89) Skadebota etter § 3-6 skal fastsetjast etter ei brei rimelegvurdering. Kva moment som kjem inn, vil kunne variere.
- (90) Omtale av at eit sambuarforhold er opphøyr, må i dag reknast som lite sensitivt. Det same gjeld ikkje for slike påstandar på eit tidspunkt der dette ikkje er på det reine, og spesielt ikkje på eit tidspunkt der eit forhold er problematisk. Publisering av dette vil direkte kunne påverke forholdet mellom partane.
- (91) Artikkane har også framstilt Young og Karlsen på ein mindre heldig måte. Det har vore vist til dramatik, til sjalusidrama og til eit mogeleg forhold for Karlsen under vekesopphald i Big Brotherhuset. I den andre reportasjen vart dei framstilte som innbyrdes ueinige om det var eit brot, og det låg under at det var eit tvilsamt grunnlag for kravet på 700 000 kroner. I særleg grad retta det siste seg mot Young, som ifølgje artikkelen uttala at det var eit brot, men som likevel kravde pengar. Den tredje reportasjen om eit mogeleg forhold var særleg krenkjande for Karlsen, men representerte også ei krenking av hans sambuar.
- (92) Young og Karlsen har gjort gjeldande at oppreisinga bør setjast minst like høg som vinninga for Se og Hør. Eg kan ikkje sjå at dette vil vere eit godt utgangspunkt for ein generell regel for utmåling av oppreising. Dels kjem det inn praktiske problem med å fastsetje kva som er vinninga ved bruk av ein artikkel som innslag i eit relativt omfangsrikt blad. Dels vil det i nokså like situasjonar gjere at oppreisinga blir avhengig av om eit blad har eit godt driftsresultat eller ikkje.
- (93) På den andre sida har saka vist klart at det her er tale om økonomiske verdiar. Det blir betalt for tips, jf. at jenta frå Skien fekk utbetalt 20 000 kroner. Young og Karlsen fekk kvar 20 000 kroner for oppslag om at dei var saman. For bilde frå hytta fekk dei kvar 20 000 kroner, og i tillegg fekk Young 20 000 kroner for gjenbruk av eit bilde frå badeferien i Hellas. Oppslag og opplysningar har såleis ein økonomisk verdi. Etter mitt syn bør det leggjast stor vekt på dette når det no skal fastsetjast ein skjønnsmessig sum i oppreising. Om det ikkje blir gjort, vil ein utgivar kome rimelegare frå det ved å publisere ein rettsstridig reportasje enn ved å gjere avtale om ein reportasje og betale for opplysningar og biletbruk.
- (94) Det er som før nemnt tale om eit blad med stort opplag, som etter det opplyste var på 396 019, 390 794 og 400 487 for dei utgåvene saka gjeld. Oppslaga låg dessutan i kjerneområdet for innhaldet i Se og Hør. At det var tale om fleire artiklar må også kome inn; likeins at det var oppslag på framsida.
- (95) Eg ser at det kan stillast spørsmål ved utmåling av oppreising i høve til utmåling ved ulike former for valdshandlingar. Slik samanlikning er alltid vanskeleg. I dette tilfellet kjem det inn at krenkingane har skjedd med vinningsføremål hos Se og Hør, og at det ofte blir betalt vederlag for å få lage reportasjar om private tilhøve og for å få ta bilde i slike situasjonar. Det er vanskeleg å sjå bort frå dette ved utmålinga, spesielt fordi det i praksis

– sjølv om straffelova § 390 er ei straffeføresegn – ikkje er anna enn sivilrettslege sanksjonar mot krenkingar av privatlivets fred.

- (96) Etter mitt syn er det ikkje grunn til å skilje mellom Young og Karlsen når det gjeld oppreisinga frå Se og Hør Forlaget AS. Dels har dei her stort sett vore behandla under eitt. Derneft er det nok så at sjølv om den tredje reportasjen var mest krenkjande for Karlsen, var til gjengjeld den andre reportasjen mest krenkjande for Young.
- (97) Etter mitt syn bør oppreisinga til kvar frå Se og Hør Forlaget AS setjast til 160 000 kroner.
- (98) I tilslutning til lagmannsretten finn eg ikkje grunn til å endre oppreisingsbeløpa journalistane vart pålagde ved tingrettens dom. Eg er såleis einig i at Jan-Petter Dahl blir pålagt å betale 10 000 kroner til Young og 10 000 kroner til Karlsen, og at Håvard Mælnes blir pålagt å betale 20 000 kroner til Karlsen. Beløpet bør derimot endrast noko for ansvarleg redaktør Nelvik, som bør betale lik sum – 30 000 kroner – til Young og Karlsen ut frå same grunngeving som eg har når det gjeld forlaget.
- (99) Sakskostnadene skal fastsetjast ut frå det materielle resultatet i Høgsterett, jf. Rt. 1985 side 505. Det er også uomtvista at Young og Karlsen før saka sette fram eit forlikstilbod som var gunstigare for ankepartane enn det resultatet eg er komen til. Det alt vesentlege av kostnadene i motanken gjeld spørsmål der denne anken har ført fram. Young og Karlsen bør etter dette tilkjennast fulle sakskostnader for alle rettane. Advokat Eggen har levert sakskostnadsoppgåve, der sakskostnadene er oppgitt til 371 448 kroner for Høgsterett, av dette 295 100 salær, 2 058 kroner utlegg og 74 290 kroner meirverdeavgift. I tillegg kjem rettsgebyr for aksessorisk motanke med 25 800 kroner. Kravet for lagmannsretten er samla på 310 662 kroner, av dette 247 500 kroner salær, 3 034 kroner utlegg og 60 128 kroner meirverdeavgift. Ved tingrettens dom vart det tilkjent 299 540 kroner i sakskostnader. Eg finn at dei oppgitte sakskostnader for Høgsterett og lagmannsrett bør tilkjennast som nødvendige sakskostnader. Tingrettens sakskostnadsavgjerd bør bli ståande. Sjølv om det samla kravet er stort, har det vore tale om ei omfattande og komplisert sak som er utførleg prosedert.
- (100) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom, domsslutninga punkt 1 til 5, blir stadfesta, med den endringa at beløpa i punkt 1 og i punkt 2 blir sette til 160 000 – eitthundreogsekstiusen – kroner og beløpet i punkt 4 blir sett til 30 000 – trettitusen – kroner.
2. I sakskostnader for lagmannsretten og Høgsterett betaler Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes ein for alle og alle for ein til Anette Young og Rodney Omdal Karlsen i fellesskap 707 910 – sjuhundreogsjutusenihundreogti – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen, med tillegg av forseinkingsrente etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå forfall og til betaling skjer.

- (101) Dommer **Oftedal Broch:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (102) Dommer **Bruzelius:** Likeså.
- (103) Dommer **Tønder:** Likeså.
- (104) Dommer **Gjølstad:** Likeså.
- (105) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom, domsslutninga punkt 1 til 5, blir stadfesta, med den endringa at beløpa i punkt 1 og i punkt 2 blir sette til 160 000 – eithundreogsekstiusen – kroner og beløpet i punkt 4 blir sett til 30 000 – trettiusen – kroner.
2. I sakskostnader for lagmannsretten og Høgsterett betaler Se og Hør Forlaget AS, Odd J. Nelvik, Jan-Petter Dahl og Håvard Mælnes ein for alle og alle for ein til Anette Young og Rodney Omdal Karlsen i fellesskap 707 910 – sjuhundreogsjutusennihundreogti – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen, med tillegg av forseinkingsrente etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå forfall og til betaling skjer.

Rett utskrift: